



Statsforvaltaren
i Oslo og Viken

BARNEHAGE- OG UTDANNINGSAVDELINGA

RETTLEIING

ORIENTERING OM RETTEN TIL Å KLAGE PÅ KARAKTERAR Grunnskole



Januar 2021

Dette er ei orientering om reglane som gjeld for å klage på karakterar. Orienteringa er skriven for deg som er elev i grunnskolen, og foreldra dine. Viss det er noko de ikkje forstår, bør de spørje ein lærar eller rektor.

Reglane om klagar på karakterar står i forskrift til opplæringslova kapittel 5.

Kva kan du klage på?

Du kan klage på alle karakterar som skal førast på vitnemålet. Det vil seie at du kan klage på både standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Klageretten gjeld òg viss du ikkje får standpunktkarakter. Du og foreldra dine skal ha fått skriftleg varsel før skolen bestemmer at du ikkje får standpunktkarakter.

Du kan ikkje klage på undervegsvurderinga. Undervegsvurderinga er ein reiskap for deg og læraren i læreprosessen. Dersom du eller foreldra dine meiner at skolen ikkje har gitt deg undervegsvurdering i tråd med regelverket, kan de ta dette opp med skolen.

Kven kan klage på ein karakter?

Du som er elev, eller den du gir skriftleg fullmakt, har rett til å klage på ein karakter. Er du under 15 år, må foreldra dine samtykke i klagen. Foreldre til elevar som er under 18 år, har klagerett. Det betyr at dei har rett til å klage sjølv om du som elev ikkje er einig i det.

Korleis klagar du?

Klagen må vere skriftleg, og den som klagar, må underskrive klagen. Det må stå i klagen kva du vil klage på.

Viss du klagar på ein standpunktkarakter eller på ein karakter i orden og åtferd, bør du grunngi klagen.

Klagen blir send til rektor. Rektor sender klagen din og utsegner frå skolen til Statsforvaltaren, som er klageinstans. Du skal ikkje sende klagen din direkte til Statsforvaltaren, det vil forseinke klagebehandlinga.

Når er klagefristen?

Klagefristen er 10 dagar. Fristen blir rekna frå det tidspunktet då dei som har klagerett (sjå over), er gjorde kjende med karakteren eller burde ha gjort seg kjende med han. Viss du ber om grunngiving for karakteren, blir klagefristen avbroten, og ein ny 10-dagarsfrist gjeld frå det tidspunktet du får grunngivinga.

Kva skjer viss eg klagar på ein standpunktkarakter?

Viss du klagar på ein eller fleire standpunktkarakterar, må faglæraren skrive ei grunngiving for karakteren din, og rektor må skrive ei fråsegn om korleis skolen har behandla saka. Saka blir deretter send til Statsforvaltaren, og du får ein kopi. Klagen din og opplysningane frå skolen dannar til saman grunnlaget for Statsforvaltaren si behandling av saka.

Det er viktig å vite at Statsforvaltaren berre skal ta stilling til om reglane som gjeld for karaktersetjing, er følgde. Statsforvaltaren skal ikkje overprøve det faglege skjønnet til læraren. Det betyr at Statsforvaltaren ikkje skal ta stilling til om karakteren din er riktig ut frå det faglege nivået ditt.

Her er døme på reglar som skal vere overhaldne:

- Faglæraren skal beskrive kva du kan, ut frå kompetansemåla i læreplanen for faget.
- Vurderinga i orden og åtferd skal ikkje vere blanda saman med vurderinga i det enkelte faget.

Dersom Statsforvaltaren kjem til at reglane som gjeld for karaktersetjing, ikkje er følgde, eller at det er tvil om at reglane er følgde, opphevar Statsforvaltaren karakteren din. Saka blir då send tilbake til skolen der rektor og faglæraren skal gjere ei ny vurdering. Rektor set deretter ein endeleg karakter.

Du bør vere klar over at ei oppheving av karakteren ikkje nødvendigvis fører til at du får ein betre karakter. Når rektor og faglæraren gjer ei ny vurdering, kan rektor bestemme om karakteren skal settast opp, bli ståande eller settast ned. Den nye avgjerda skal grunngivast. Du kan ikkje klage på den endelege karakteren.

Kva skjer viss eg klagar på ein karakter i orden og åtferd?

Viss du klagar på karakteren din i orden og åtferd, skal både kontaktlæraren og rektor skrive ei fråsegn.

Dette skal rektor leggje ved klagen din når han blir send til Statsforvaltaren:

- ei fyldig grunngiving for karakteren
- ei oversikt over kva tiltak skolen har sett i verk for å betre på forholda
- opplysningar om tidlegare karakterar du har fått i orden og åtferd
- opplysningar som viser at du og foreldra dine har fått skriftleg varsel om faren for at ordens- og/eller åtferdskarakteren kan bli ein annan karakter enn God
- papir som viser korleis skolen har behandla saka, eventuell korrespondanse med heimen, og annan relevant dokumentasjon
- kopi av ordensreglementet på skolen

Du eller foreldra dine skal ha kopi av det som blir sendt til Statsforvaltaren.

Dersom Statsforvaltaren kjem til at det er grunnlag for å gjere om vedtaket, er det Statsforvaltaren som set ny karakter, ikkje rektor. Den nye karakteren blir fastsett på grunnlag av dei opplysningane som finst. Avgjerda frå Statsforvaltaren er endeleg.

Kva skjer viss eg klagar på skriftleg eksamen?

Viss du klagar på karakteren etter skriftleg eksamen, skal rektor sørge for at du får sjå eksamenssvaret ditt og får vite retningslinjer for sensuren.

Deretter skal nokon som ikkje har sensurert eksamenssvaret ditt tidlegare sjå på svaret på nytt. Desse skal ikkje jobbe ved den skolen du går på. Dei som får denne jobben sit i det som blir kalla klagenemnd, og er ei nemnd som består av 3 personar.

Klagenemnda skal ta stilling til om karakteren du har fått er urimeleg. Dersom nemnda kjem til at karakteren er urimeleg, skal dei sette ny karakter. Viss karakteren blir endra, blir den vanlegvis sett opp. Du bør være klar over at det hender at karakterar blir sett ned etter klagebehandlinga.

Kva skjer viss eg klagar på munnleg eksamen?

Ved munnleg eksamen kan du berre klage på formelle feil. Feila må då vere slik at dei kan ha hatt noko å bety for karakteren du fekk.

Sensor, faglærer og rektor uttalar seg, og rektor sender fråsegnene til Statsforvaltaren. Kopi skal sendast til deg eller foreldra dine. Dersom du får medhald i klagen, annullerer Statsforvaltaren karakteren din.

Viss du ønsker det, kan skolen halde ein ny eksamen for deg. Då trekk skolen på nytt kva fag du skal opp i. Førbeuingstida er den same som ved ordinær eksamen.